

I Guds hage

Preike 2. mai 2021 – konfirmasjonsgudsteneste i Arna (med blomsterbilde på storskjerm)

Evangelium: Luk 13,18-21

Det står skrive i evangeliet etter Lukas:

Jesus sa: «Kva er Guds rike likt? Kva skal eg samanlikna det med? Det er likt eit sennepsfrø som ein mann tok og sådde i hagen sin. Det voks og vart til eit tre, og fuglane under himmelen bygde reir i greinene på det.»

Og igjen sa han: «Kva skal eg samanlikna Guds rike med? Det er likt ein surdeig som ei kvinne la inn i tre mål mjøl til alt var gjennomsyra.»

Slik lyder det heilage evangeliet.



«Kva skal eg samanlikna Guds rike med?» Dette spørsmålet stilte Jesus fleire gonger. Og så prøvde han, ved hjelp av ulike bilde og samanlikningar å forklara det. Han bruke ofte ting folk kjente til frå kvardagen sin, eller fenomen dei kjende til frå naturen, for å hjelpa tilhøyrarane å forstå.

I teksten i dag er det to ulike bilde; eit lite sennepsfrø – som veks til eit digert tre, og ein liten surdeig som gjennomsyrar ein svær brøddeig. Noko bittelite som har enorm sprengkraft i seg. Kanskje me kan sjå for oss ein løvetann som sprenger seg opp gjennom asfalt eller steinur. Noko som veks og spreier seg, sjølv om det kan sjå øde og dødt ut.

Gud har vist oss kven han er; gjennom skaparverket og gjennom Jesus. Eg trur at Gud er skapar av alt liv, at han har fått alt til å skje, at han sette i gang alle prosessane i heile universet. Og han held på fremdeles! Han skapar og opprettheld alt liv.

Han har skapt kvar og ein av oss i sitt bilde, nåke som gir oss alle ein uendeleg stor verdi. Viss me klarer å ta inn det, så får det også store konsekvensar for korleis me ser på dei menneska me møter. Dersom alle er skapt i Guds bilde, burde me gjerne setja større pris på kor forskjellige me er, når det gjeld utsjånad, evner, eigenskapar osv. (kort pause)

Med Jesus kom det nåke nytt. I evangelia kan me lesa gang på gang at den nye måten Jesus snakka om Gud på, førte til undring, forandring og glede – men også til oppstyr, konflikt – og til slutt at Jesus vart dømt til døden.

For Jesus viste i ord og handling at Guds kjærleik og nåde var for alle; ikkje berre for jødane, men for andre, inkludert dei som var sett på som ureine eller mindre verd. Guds rike var ikkje berre for menn, men kvinnene vart løfta fram og fekk store oppgåver. Guds rike var ikkje berre for dei vaksne, for Jesus sa at borna, dei minste, var størst i Guds rike. Det var ikkje berre for dei snille eller rike eller vellykka, tvert imot. Den som har fått mykje tilgitt, elsker meir.

Guds kjærleik og nåde er større enn me kan fatta. Likevel kan me få tru at dette også er for oss. I dåpen fekk me del i dette, me fekk dette vesle frøet, trua sådd i oss, me blei kobla på Gud.

Så har me på ulike måtar tutla oss av garde på livsvegen vår fram til her me er i dag. Anten me tenkjer ofte eller mykje på det som har me Gud å gjera, så kan me få ta til oss orda om at Gud elsker oss og at han heile tida vil ha med oss å gjera. Han vil vera som ein kjærleg far eller ei kjærleg mor, som viser omsorg, steller med oss og går i lag med oss, både når livet er godt og når det er krevjande.



Eg veit ikkje om nåken av dåke likar å stella i hagen. Sjølv har eg aldri hatt nåke stor interesse for det. Men dei siste åra har eg blitt meir opptatt av naturen, hagar og parkar. Eg kan ikkje mykje om planter og sånn, men synest det er fint å vandra, for eksempel i Arboretet. Det er fantastisk når alle dei ulike roseartane blømer i Rosariet, som det heiter. Men for meg har det også blitt

gode bilde på det å vera i Guds hage, i Guds rike. Ikkje berre for meg som enkeltperson eller prest, men som del av eit fellesskap der me treng kvarandre.

Denne vinteren har vore lang og kald, me hadde mykje snø og fleire kuldeperiodar. I overgangen mars/april tok eg ein tur for å sjå korleis det såg ut, før våren kom skikkeleg. Det er rart å sjå heile Rosariet så tilsynelatande dødt, ustelt og fargelaust.

Ein del av rosene var framleis godt beskytta av granbar og anna, kanskje dei trengte det lenge på grunn av nattefrost. Eg la merke til at ikkje alle rosebuskane hadde sånn beskyttelse. Kanskje var det nåken som tålte frost og kulde betre enn dei andre. Men både nåken av dei store og nåken av dei små rosebuskane hadde vern. Så lurar eg på: Har dei klart seg?



Kjem det nye knoppar når vårsola får meir og meir tak og temperaturen stig, i alle fall på dagtid? Ein knapp månad seinare, i slutten av april, ser eg at fleire av rosebuskane har massevis av nye skudd; det er liv på gang, sjølv om det er lenge til bløming enno.


Men me veit at sola og varmen – og nok vatn og godt stell – vil gje oss eit hav av blømande roser når sommaren kjem, om få månader. Det er eit under, kvar gong det skjer. Men me veit at livskrafta finst der, og det gir oss håp. Igjen og igjen.



Men også midt i den beste bløminga er det nåken som treng litt ekstra støtte. Kanskje nåken av dei som trong det i vinterkulden, eller kanskje nåken andre.



Midt i mylderet av dei blømande rosene ser eg eit stort mangfald; gamle artar med historie langt tilbake, nokre nyare, nokre med artige namn, nokre alminnelege og nokre eksotiske. Nokre skin åleine, eller berre med få knoppar i nærheten.



Andre blømer i klynger, og skin best saman med andre.



Nokre roser får knoppar tidleg på våren og står i full blom midt på sommaren. Andre roser treng betydeleg lengre tid, og sprett ikkje ut før på seinsommaren eller kanskje i september. Ei av dei mest overraskande opplevingane eg har hatt i Arboretet, var i overgangen september/oktober i fjor. Eg trudde det meste var over av bløminga, men blei sett ut av det vakre synet. Mange ulike roseartar blomstra fortsatt, minst like vakkert som i juli. Så nåken gonger gjeld det å vera tålmodig.



Og nokre gonger treng me andre bilde enn hagedyrka og velstelte roser. I Guds hage og Guds rike er det rom for mange ulike vekstar, også dei som veks der ingen skulle tru, som ikkje alltid passar inn og som kan irritera og frustrera. Men som blømer på sin måte, som lyser av sol og vår og håp.

Og som også er bilde på kva Guds rike er. Sprengkrafta i Guds kjærleik og omsorg for oss, den gjeld fremdeles. Me får høyra til hos han, og han vil omslutta oss og vera med oss alle dagar.

Ære vere Faderen, Sonen og Den heilage Ande, som var og er og blir ein sann Gud, frå æve til æve.